



Møteprotokoll frå årsmøte i Creo Vestland

Dato: Søndag 21.mars 2021 kl. 13:00

Stad: Hotell Zander K, Bergen og digitalt via Zoom

Det møtte 12 medlemmer; 2 på Zander K og 10 via Zoom.

1. Godkjenning av innkallinga og sakliste.

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknadar.

2. Val av møteleiar, referent og 2 personar til å underskrive protokollen.

Desse vart valde:

Møteleiar:

Kjell Erik Husom

Referent:

John William Kay

Til å underskrive protokollen:

Oleksandra Golovatska og Siv Klippen

3. Godkjenning av årsmelding for 2020.

Kjell Erik Husom gav ei kort munnleg oppsummering av dei viktigaste momenta i årsmeldinga. Det var gledeleg å kunne dele ut stipend til fire prosjekt i regionen vår midt i eit særst vanskeleg år. Det har også vore ein god del saker der medlemmer har hatt trong for bistand frå regionlaget.

Årsmøtet vart også orientert om arbeidet og utfordringar knytt til ulike saker internt i Creo, mellom anna pilotprosjektet for ny modell for regionlag.

Etter denne orienteringa vart årsmeldinga for 2020 godkjend utan merknadar.

4. Fastsetja rekneskap for 2020.

Kasserar William Kay presenterte rekneskapen for 2020. Året enda med eit underskot på kr. 29 378,57. Grunnen til dette var to manglande overføringar frå Creo sentralt. Rekneskapen vart godkjend utan merknadar.

5. Handsaming av budsjett og handlingsplan for 2021.

Kasserar William Kay la fram budsjettframlegget for 2021. To manglande tilskotsbetalingar frå Creo sentralt for 2020 er blitt overført til regionlaget i år, og inntektene våre ser litt lysare ut enn først antatt. Punktet «sommarfest» vart etter innspel omdøyppt til «medlemstreff».

Budsjettet for 2021 vart samrøystes vedteke.

Leiar Kjell Erik Husom presenterte deretter styret sitt framlegg til handlingsplan for 2021. Regionlaget har arbeidd mykje med denne planen dei seinare åra og styret la ikkje opp til store endringar denne gongen. Handlingsplanen er eit viktig styringsverktøy for regionlaget innanfor dei ramma som vedtektene for regionlag legg opp til.

Handlingsplanen for 2021 vart samrøystes vedteke.

6. Innkomne forslag.

Det var i år ingen innkomne forslag.

7. Val

Nemnda har lagd ned mykje arbeid i koma fram til ei god innstilling, eit arbeid som vart ekstra krevjande i år sidan samtlege styreverv (med unnatak av leiar) stod på val. Dette fordi to styremedlemer har flytta ut av regionen vår.

I samsvar med valnemnda si innstilling var desse valde, samrøystes:

- **2 styremedlemer for eitt år:**
 - Knut Magnus Bøen, Bergen (KS)
 - Raket Rose Øvretveit, Sunnfjord (Student ved Griegakadami)
- **3 styremedlemer for to år:**
 - John William Kay, Alver (KA)
 - Hilde Annine Hasselberg, Bergen (Freelance)
 - Irene Bjørke, Bergen (Produsent)
- **2 varamedlemer for eitt år:**
 - Tone Støylen Holgersson, Sunnfjord (KS)
 - Ole André Farstad, Bergen (Freelance)
- **Valkomité for eitt år:**
 - Hallgeir Øgaard Westli (attval, vert leiar for komitéen)
 - Martin Shultz (attval)
 - Brit Johnsrud (ny)

Leiar, Kjell Erik Husom har eitt år igjen av funksjonstida si og var ikkje på val.

J. William Kay
Referent.

Kontrasignatur
Siv Klippen

Kontrasignatur
Oleksandra Golovatska